




POLITIET

STØTTESENTER FOR **KRIMINALITETSUTSETTE**

Telefon 800 40 008



Har du vore utsett for kriminalitet?

Som til dømes vald, trugslar, utpressing, hatkriminalitet, seksuelle overgrep, mishandling eller krenking? Dette kan opplevast som svært alvorleg og personleg belastande.

Støttesenter for kriminalitetsutsette er der for å hjelpe.

Vi kan gi deg informasjon, rettleiing og støtte i ein vanskeleg fase i livet.

Støttesenter for kriminalitetsutsette er eit offentleg og landsdekkande tilbod.



Kva kan støttesenteret hjelpe deg med?

Vi gir deg informasjon om rettsprosessen, og støttar deg som vitne under ei eventuell rettssak.

Vi kan gi deg rettleiing og informasjon om det å melde saker til politiet.

Vi hjelper deg med å søkje valdsoffererstatning frå staten.


Vi kan støtte deg gjennom straffesaksprossen, frå politimelding til saka er avgjort.



Vi er her for deg. Ta kontakt med oss.

Telefon 800 40 008

Senteret si opningstid: mån-fre kl.08.30-15.30



DITT LOKALE STØTTESENTER:

Politidistrikt/Lokalisasjon	Tlf direkte	E-post
Oslo	40446511	stottesenter.oslo@politiet.no
Ski	40446512	stottesenter.ost@politiet.no
Hamar	40446513	stottesenter.innlandet@politiet.no
Tønsberg	40446514	stottesenter.sor-ost@politiet.no
Kristiansand	40446515	stottesenter.agder@politiet.no
Stavanger/Haugesund	40446516	stottesenter.sor-vest@politiet.no
Bergen	40446517	stottesenter.vest@politiet.no
Molde	40446518	stottesenter.moreogromsdal@politiet.no
Trondheim/Steinkjer	40446519	stottesenter.trondelag@politiet.no
Mosjøen/Bodø	40446520	stottesenter.nordland@politiet.no
Tromsø	40446521	stottesenter.troms@politiet.no
Kirkenes/Vardø	40446522	stottesenter.finnmark@politiet.no

For meir informasjon:

<https://www.politiet.no/kriminalitetsutsatt/>

